



Aud Sølvi Fosse  
Hardbakke 47  
6924 HARDBAKKE

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 23/3788 - 23/43705

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane  
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:  
06.06.2023

## Løyve til å byggje landbruksveg på gbnr. 325/11 Fosse i Alver

**Administrativt vedtak: Saknr:**

### **VEDTAK:**

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar gjev Alver kommune Aud Sølvi Fosse Drengenes løyve til å byggje omsøkt landbruksveg på gnr. 325, bnr. 11 Fosse i Alver.

### **Vilkår:**

- Om det kjem fram kulturminne under arbeidet må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune, kulturavdelinga varslast.
- Tiltakshavar må syte for at eventuelle framandartar ikkje vert spreidd som fylgje av tiltaket.
- Om det vert aktuelt må naboar kunne kjøpe seg inn i vegen, eventuelt leige rett til å bruke den for å få tilkomst til sin skog.
- Vegen må byggast i samsvar med tekniske krav sett for vegklasse 7 i «Normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse.
- Vedtaket er gyldig til 30.06.2026 og tiltaket må vere ferdig innan 30.06.2027.
- Området skal ryddast til etter at vegen er ferdig bygd.

Om ikkje arbeidet er sett i gong innan frist for løyvet, fell løyvet bort jf. landbruksvegforskrifta § 3-2.

### **Saka gjeld**

Aud Sølvi Fosse Drengenes søker om å byggje landbruksveg i vegklasse 7 – traktorveg. Vegen vil verte 305 m og dekningsområde er på 115 daa. Uttak skog vert 500m<sup>3</sup>. Interessene i vegen fordeler seg slik: 25% skogbruk, 50% utmark og 25% jordbruk.

Vegen er kostnadsrekna til om lag kr 60.000. Ein mindre del av vegen er alt bygd og noko uttak av skogen er alt gjennomført. Terrenget er lett jamna til. Det er ikkje etablert massetak eller køyrt til eksterne masse til vewanlegget. Frå den offentlege vegen og eit stykke innover,

er vegen alt godkjent og bygd. Eit kort stykke av forlenginga av vegen som saka no gjeld, er òg bygd. Søkjar opplyser at det ligg føre godkjent avkøyringsløyve.

#### **VURDERING:**

Formålet med landbruksvegforskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som gjev best moglege heilskapsløysingar. Samstundes skal det leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred og endeleg andre interesser som vert råka av vegframføringa.

Vegen gjev tilkomst til og rasjonell hogst av skog på eigen eigedom: Den gjev òg tilkomst til utmarksbeite og er såleis i tråd med føremålet.



*Fig. 1. Vegen skal fylgje kanten av myra frå steinane og til endes og deretter fylgje myrkanten mot venstre....*



*Fig. 2. ...før den endar i dette området.*

Prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfald der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden, men og i ein større samanheng. Kommunen har mellom anna søkt i naturbasen (via gardskart) og artsdatabanken). Det er ikkje gjort funn i traséen eller området i nærleiken. Men i nærleiken, litt lenger nord ved den kommunale vegen, er det registrert Vestamerikansk Hemlok som er ein framandart som er vurdert med svært høg risiko for spreiding.

Søknaden har vore sendt på høyring til Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Alver kommune, kultur.

Vestland fylkeskommune kan ikkje sjå at traséen kjem i direkte konflikt med kjende automatisk freda kulturminne. Potensialet for funn av automatisk freda kulturminne i det aktuelle området vert vurdert som låg. Fylkeskommunen har difor ingen avgjerande merknader utover at ein under arbeidet søkje å unngå inngrep/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter med meir.

Fylkeskommunen syner òg til meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2.ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under arbeidet, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune. Alt arbeid må då stogkast til rette forvaltningsmynde har vurdert funnet. Eventuell granskning vil verte gjennomført mindre enn 3 dagar etter melding om mogleg funn.

Statsforvaltaren og Alver kommune, kultur har ikkje kome med attendemelding innan fristen.

Slike søknadar skal altså vurderast etter naturmangfaldslova §§ 8-12 jf. § 7. Ut frå det som kjem fram ovanfor finn vi at kravet om kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldslova § 8 er godt nok til å fatte vedtak. Vidare er «føre-va» prinsippet teke i vare med det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre, slik intensjonane i naturmangfaldslova § 9 føreset. Vi kan heller ikkje sjå at den samla byrda for økosystemet er nemneverdig lidande jf. naturmangfaldslova § 10. Vegen er avgrensa i omfang og gjev heller ikkje, etter kommunen sitt syn, nemneverdige ulemper og gjev slik sett best mogleg lokalisering jf. naturmangfaldslova §§ 11 og 12.

Heile veganlegget ligg på bnr. 12 (inkludert tilkomstveg) og det er ikkje naudsynt med å avklare privatrettslege tilhøve. Men det står noko skog på naboeigedom lenger vest. Skulle det vere turvande i framtida, må naboar dersom det er aktuelt, kunne kjøpe seg inn i vegen for å få tilkomst til denne skogen. Alternativt må dei kunne leige rett til å bruke vegen.

Etter ei samla vurdering finn kommunen at søknaden kan komast i møte.

### **Regelverk**

- Forskrift om planlegging og bygging av landbruksvegar.
- Normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse
- Naturmangfaldslova
- Forvaltningslova

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med venleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Aud Sølvi Fosse

Hardbakke 47

6924

HARDBAKKE